

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset  
**Dato:** 23.03.2015  
**Tidspunkt:** 10:00 – 15.00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Lars Erik Dalland	Nestleiar	H
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KRF

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Vebenstad	Leiar	A
Randi Stang Volden	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Terje Hermansen	Torill Vebenstad	A
Nils Kåre Skoge	Randi Stang Volden	H

**Merknader**

I Torill Vebenstad sitt fråvær var nestleiar Lars Erik Dalland møteleiar.

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Stein Ove Songstad	Partner, Deloitte t.o.m. sak PS 19/15
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor, Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Lars Erik Dalland  
fung. utvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 14/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 15/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 16/15	Forvaltningsrevisjon av NDLA - Forslag til prosjektplan	2015/2073	
PS 17/15	Forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24576	
PS 18/15	Forvaltningsrevisjon innan drift og vedlikehald av fylkesvegar - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24577	
PS 19/15	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/943	
PS 20/15	Årsmelding for kontrollutvalet for 2014	2014/10504	
PS 21/15	Godkjenning av 5 prosjektrekneskapar	2014/10499	
PS 22/15	Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 23/15	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500	
PS 24/15	Referatsaker		
RS 16/15	Tildeling av oppdraget som teknisk arrangør av UKM Hordaland 2015. Orientering.	2014/986	
RS 17/15	Partsbrev vedr. Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS frå møte i kontrollutvalet i Samnanger kommune	2015/943	
RS 18/15	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – handlingsplan	2014/10533	
RS 19/15	Revisjon av etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune	2014/23249	
RS 20/15	Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse. Retningsliner	2014/11370	
RS 21/15	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14	2014/23262	
RS 22/15	Finansforvaltninga i 2014	2014/927	
RS 23/15	Revisjon av overordna beredskapsplan	2014/15688	
RS 24/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr februar 2015	2014/356	
RS 25/15	Personvernombod i Hordaland fylkeskommune	2014/12288	
RS 26/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr februar	2014/1527	
RS 27/15	Orientering om oppfølging strategisk næringsplan i BRB	2014/10494	
RS 28/15	FKT fagkonferanse på Gardermoen 3.-4. juni 2015. Invitasjon	2014/10539	
RS 29/15	Tilsyn - møte 28.01.2014 - Bybanen Utbygging	2014/632	
RS 30/15	Austevoll vgs. tilsynsrapport frå Det Norske Veritas	2014/10502	
RS 31/15	Tilsyn - Hordaland fylkeskommune - opphevelse av vedtak uten klage	2014/21358	

RS 32/15	Tilsynsrapport Bergen Maritime vgs - Frå Det Norske Veritas	2014/10502
RS 33/15	Tilsynsrapport seksjon skule	2014/10502
RS 34/15	Skatt februar 2015	2014/10507
PS 25/15	Eventuelt	

## **PS 14/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

## **PS 15/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Vedtak**

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

## **PS 16/15 Forvaltningsrevisjon av NDLA - Forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av NDLA, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.04.2015.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting og ev. andre fora, fakturert etter timeforbruk avtalt med oppdragsgjevar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan medio juni 2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte**

Stein Ove Songstad frå Deloitte presenterte den føreslåtte prosjektplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Sekretariatet supplerte også med informasjon i høve samtaler med styreleiar i NDLA.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31 under delar av orienteringa.

Kontrollutvalet ber om at kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane som er eigarar i NDLA vert orientert om vedtaket.

Forslag til prosjektplan vart akseptert slik den ligg fører. På bakgrunn av det vert siste del av punkt 1 i forslag til vedtak stroke saman med punkt 2.

Med desse endringane vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av NDLA, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting og ev. andre fora, fakturert etter timeforbruk avtalt med oppdragsgjevar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan medio juni 2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
5. Kontrollutvalet ber om at kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane som er eigarar i NDLA vert orientert om vedtaket.

## **PS 17/15 Forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte**

Stein Ove Songstad frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Frist for levering av revisjonsrapport vert sett til innan utgangen av juni 2015.

På bakgrunn av dette vart det gjort slik samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

1. Frist for levering av revisjonsrapport vert sett til innan utgangen av juni 2015.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

## **PS 18/15 Forvaltningsrevisjon innan drift og vedlikehald av fylkesvegar - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte**

Stein Ove Songstad frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan drift og vedlikehald av fylkesvegar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

## **PS 19/15 Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte**

Stein Ove Songstad frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart m.a. opplyst at Storeholmen VTA AS har meldt frå til Deloitte at dei for tida er i gang med ISO-sertifisering av selskapet. På bakgrunn av dette har dei ikkje tid til å bidra til at det vert gjennomført selskapskontroll i selskapet før i mai 2015.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 20/15 Årsmelding for kontrollutvalet for 2014**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte:**

Det vart gjort nokre mindre redigeringsmessige endringar i årsmeldinga.

Med desse endringane vart forslag til innstilling samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet.

## **PS 21/15 Godkjenning av 5 prosjektrekneskapar**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har merka seg at det har teke lang tid frå siste løyving blei gitt for 4 av prosjekta, til endeleg rekneskap ligg føre. Vidare har utvalet merka seg at fleire av prosjekta

har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å møte i kontrollutvalet 17.6.15 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å betre rutinane som er omtala i punkt 3 i uttalen.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte:**

Forslag til uttale og vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har merka seg at det har teke lang tid frå siste løyving blei gitt for 4 av prosjekta, til endeleg rekneskap ligg føre. Vidare har utvalet merka seg at fleire av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å møte i kontrollutvalet 17.6.15 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å betre rutinane som er omtala i punkt 3 i uttalen.

### **PS 22/15 Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet**

#### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte:**

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om dei framlagte rekneskapsrapportane og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

### **PS 23/15 Gjennomgang av møteprotokollar**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte:**

Følgjande møtebøker vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkestinget 10.3. – 11.03.2015
- Fylkesutvalet 18.02.2015
- Kultur- og ressursutvalet 12.02.2015
- Opplærings- og helseutvalet 17.03.2015
- Samferdselsutvalet 11.02. og 18.03.2015

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

## **PS 24/15 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møte**

### **RS 18/15 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Handlingsplan**

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er kome i gang når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular. På bakgrunn av at mange av punkta er planlagd gjennomført eller starta opp i løpet av 2015 ber kontrollutvalet om status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.

### **RS 28/15 FKT fagkonferanse på Gardermoen 3.-4. juni 2015. Invitasjon**

#### **Vedtak**

Dei som ønskjer å delta på konferansen melder frå til sekretariatet innan 10.4.15.

Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.

## **PS 25/15 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.03.2015**

#### **Handsaming i møtet**

#### **Kurs i kontrakt- og leverandøroppfølging**

Kontrollutvalet deltok før møtet på eit 2-timars kurs i «Kontrakt- og leverandøroppfølging» i regi av Deloitte. Andre frå fylkesadministrasjonen deltok også på same kurset.

**Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om desse sakene under eventuelt:**

Ev. møte i Flåm saman med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet:

Denne samlinga er tenkt m.a. som ei evaluering av denne valperioden og skal haldast i Flåm frå lunsj til lunsj 22.6. – 23.6.15. Tema elles på samlinga kan ev. vera beredskap med fokus på t.d. brannen i Lærdal og flaumen i Flåm.

Det var semje om at kontrollutvalet ønskjer å delta på denne samlinga. Torill Vebenstad, Lars Erik Dalland, Magne Fauskanger og Randi Stang Volden kan vera deltakarar. Elisabeth Næverlid Sævik har ikkje høve til å delta.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ønskjer å delta på samling i Flåm 22. – 23.6.15 saman med utvala i dei andre fylkeskommunane.

Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 24. – 25.8. 2015:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet arbeider vidare med å kombinere besøk i Bergen kommune og aktuelle fylkeskommunale einingar i Bergen i kombinasjon med besøk i Askøy kommune eller Os kommune. Det skal også leggjast opp til at samlinga skal kombinerast ned markering av at sekretariatet feirer 10 år i 2015.

Politisk organisering:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet i neste møte legg fram ei sak om å få vara i rekkefølge til kontrollutvalet frå neste valperiode.

Prisjustering sekretariatet:

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.

Kontrollsjefen orienterte om status i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.